

# Hyllestad kontrollutval

**SEKOM-sekretariat**

*www.sekom.no | post@sekom.no*

## Møteinnkalling

**Møtedato:** 10.02.2015  
**Møtestad:** Hyllestad kommunehus, formannskapssalen  
**Møtetid:** Kl. 10:00

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet  
Revisor i sak 3

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: [ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no) (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                            |
|---------|-------------------------------------------------------|
| 001/15  | Godkjenning av innkalling og sakliste                 |
| 002/15  | Skriv og meldingar 10.2.15                            |
| 003/15  | Uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor |
| 004/15  | Reglement for høyring i kontrollutvalet               |
| 005/15  | Årsmelding 2014 - Hyllestad kontrollutval             |
| 006/15  | Møteplan 2015 - Hyllestad kontrollutval               |
| 007/15  | Oppfølgingsliste 1 - 2015                             |
| 008/15  | Eventuelt                                             |

Med helsing

Håkon S Giil  
Leiar

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>001/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                      |                               |
|-----------------------------------------|----------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE- | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/369 |
|-----------------------------------------|----------------------|-------------------------------|

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>002/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                               |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-033, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/371 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|

## Skriv og meldingar 10.2.15


### Vedlegg:

| Nr | Dok.dato   | Tittel                                                                               | Dok.ID |
|----|------------|--------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 1  | 14.01.2015 | Hyllestad kommune sitt finansieringsansvar for Hyllestad sokneråd - svar på spørsmål | 15/100 |
| 2  | 14.01.2015 | Plan- og bygningslova - sakshandsaming                                               | 15/113 |
| 3  | 22.01.2015 | Skatterekneskapen 2014, forklaring, årsrapport                                       | 15/144 |
| 4  | 13.01.2015 | Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat                             | 15/79  |

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



SEKOM sekretariat  
v/Arnar Helgheim

**Vår ref.:**

Arkivsaknr.: 14/384-7/ BNE  
L.nr.: 15/229

**Dykkar ref.:**

**Arkivkode:**

K1-033, K3-&00

**Dato:**

14.01.2015

## **Hyllestad kommune sitt finansieringsansvar for Hyllestad sokneråd – svar på spørsmål**

Syner til møte i kontrollutvalet den 11.12.14 og brev datert 8.12.14 frå Hyllestad sokneråd om kommunen sitt finansieringsansvar for Hyllestad sokneråd.

Kommentarar til punkta i brevet frå kyrkjevevja:

**1. Fristar og innspel til budsjett og økonomiplan:**

Budsjettprosessen i Hyllestad kommune har fulgt same praksis i mange år.

Utsend rundskriv med fristar vert sendt i juni mnd til leiargruppa gjennom websak.

**Parallelt med dette vert det sendt e-post til kyrkjevevje,barnevernteneste o.a der ein opplyser frist for sine budsjettforslag.**

**Fristen for forslag i 2014 var 29.9.14. E-post vart sendt til kyrkjevevje Bjørn Atle Systad.**

**2. Tilskotet til Hyllestad sokneråd som del av den heilskaplege aktiviteten som Hyllestad kommune har ansvar for.**

Hyllestad sokneråd sitt budsjettforslag vert handsama administrativt (leiargruppa) saman med andre budsjettforslag og teke omsyn til som ein del av den heilskaplege prosessen. Syner til kommentar til pkt 1.

**3. Oppfylging av opplysningsplikta ovanfor politkar**

Hyllestad sokneråd vert ikkje invitert til budsjettmøte der rådmannen sitt budsjett vert lagt fram og der den politiske prosessen startar. Rådmann kjenner ikkje til at det nokon gong har vore praksis. Heller ikkje Kvernsteinssenteret,omstillingsorganisasjonen,SYS IKT,SYS ikl m.fl vert invitert til budsjettpresentasjon.

Desse budsjettforslaga vert send ut til politkarane som ein del av det totale budsjettet.

Rådmann meiner at opplysningsplikta til politkarane er teke i var på ein god måte.

Med helsing

|           |                                 |                  |                          |
|-----------|---------------------------------|------------------|--------------------------|
| Postadr.: | 6957 HYLLESTAD                  | Org.nr.          | 964 967 547              |
| Telefon:  | 57 78 95 00                     | Bankkonto skatt: | 7855.05.14132            |
| Telefaks: | 57 78 86 95                     | Bankkonto:       | 3837.07.00319            |
| E-post:   | postmottak@hyllestad.kommune.no | Web-adresse:     | www.hyllestad.kommune.no |



Bente Nesse  
Rådmann

*Telefon: 57789503*



---

**Til:** Oppvekstsektoren v/ Gjermund Flage

---

**Dok. ref.**

Arkivsaknr.: 14/323-1/ IRB  
L.nr.: 14/3300

**Arkivkode:**

K1-150, K1-145

**Dato:**

16.06.2014

## **Innspel til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018**

Ber om innspel frå leiargruppa til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 for både drift og investering. **Fristen er sett til 15.august 2014.**

Oppmodinga er sendt i juni for å gi alle muligheit til å halde fristen med omsyn til ferieavvikling (kan leverast før eller etter ferie, men innan fristen).

Rammene i økonomiplanen 2014-2017 (vedlegg 1) er utgangspunkt for det vidare arbeidet. Budsjettreguleringar i 2014 er ikkje med her, men har konsekvens for økonomiplanen. Innspel skal samsvare med mål i kommuneplanen, men må haldast innafor dei rammer som økonomiplanen tillèt.

Revidert nasjonalbudsjett for 2014 varslar lågare skatteinntekter og lågare befolkningsvekst i landet som heilhet. Dette vil få effekt også for 2015.

Kommuneproposisjonen for 2015 signaliserer auke i frie inntekter, fremst for å dekke vekst i folketalet. Det er også gitt nokre styringssignaler (vedlegg 2).

Detaljer får vi først i statsbudsjettet som vert lagt fram i oktober 2014.

Folketalet i Hyllestad er redusert frå 1404 pr. 01.07.2013 til 1390 pr. 1.kvartal 2014.

Det er innbyggjartal/demografi pr. 01.07.2014 ligg til grunn for rammetilskotet i 2015.

Folketalsnedgangen slår hardt mot Hyllestad kommune og vi kan vi ikkje forvente å få del av auken i dei statlege overføringane. Dei to siste åra har vi hatt negativ realvekst i dei frie inntektene, og det kan sjå ut som om det vert resultatet i 2015 og.

Det er innbyggjartalet pr. 01.01.2015 som er grunnlag for skatteinntekt og inntektsutjamning.

Nytt inntektssystem vert innført frå 2017, og kva konsekvensar det får veit vi lite om i dag. Vi veit heller ikkje kva en ev. kommunesamanslåing vil gi for konsekvens.

KS prognosemodell for rammetilskot og skatteinntekter i 2015 viser at vi kan forventa oss en reduksjon på ca. 1 mill. i forhold til 2014 , føresett at vi får same ordinære skjønstilskot som i 2014 (2,2 mill.) og at kriteriene for garantiordninga (INGAR) for kommunar som kjem dårleg ut i inntektssystemet ikkje vert endra (prognose 0,615 mill. i 2014).

Då er ikkje endringar i folketal og demografi teke med.

---

Postadr.: 6957 HYLLESTAD  
Telefon: 57 78 95 00  
Telefaks: 57 78 86 95  
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

---

Org.nr. 964 967 547  
Bankkonto skatt: 6345.06.14132  
Bankkonto: 3837.07.00319  
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

Det er og andre faktorar som påverkar rammefordelinga i økonomiplanen, t.d.

- justering av dei statlege overføringane pga. deflator (mål på forventa pris- og lønsvekst) er ikkje nok til å dekke reell lønsauke og prisvekst, må fullfinansierast med andre inntekter (dette har vært lenge vært en bevisst trend)
- auke i avdrags- og rentekostnader pga. store låneopptak
- medfinansiering av samhandlingsreformen gjennom rammetilskotet vert avvikla, med motsvarande uttrekk frå inntektssystemet
- bortfall av overført momskompensasjon frå investeringar til drift
- utbytte frå Sunnfjord Energi vart halvert i 2013
- pensjonskostnadane vil gå litt ned i 2015, men samstundes må premieavviket amortiseras på 7 i steden for 10 år. Samla vil dette føre til en mindre auke.
- evne til å bygge opp reserver/buffer for framtida (mål 3% driftsmargin)
- i kva grad vi kan auke kommunale satsar og andre inntekter. Eigedomsskatten er nå 7 o/oo (maks. nivå).
- nye faktorar i statsbudsjettet.

Prognosane er usikre, men det er grunn til å forvente at 2015 vil bli et budsjettmessig meget stramt år.

Det vert vanskeleg å behalde alle tenester på dagens nivå og få dekning for nye tiltak. Nye innspel bør gå på heilt naudsynte tiltak, og ein må finne finansiering til desse, t.d. gjennom effektivisering eller gjennom å ta bort andre oppgåver.

Ein må elles legge opp til innsparing over heile linja både i årsbudsjettet og økonomiplanperioden.

#### TIDSPLAN

|            |                                                                                                                                                                                                                                               |
|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 15.08.2014 | Frist for innspel til rådmann med kopi til økonomisjef i sak 14/323                                                                                                                                                                           |
| 18.08.2014 | Drøftingar i leiargruppa med grunnlag i innkomne innspel, elles nye drøftingar etter kvart som prosessen går fram                                                                                                                             |
| 17.09.2014 | Rundskriv frå rådmann/økonomisjef om føresetnader og førebelse rammer for årsbudsjett og økonomiplan. Nå starter detaljarbeidet.<br>Økonomisjef sender ut budsjettkladd i excel-format saman med stillingsoversikt (alt. gjennom Agresso web) |
| 29.09.2014 | Frist for kyrkjevevje, barnevernsteneste o.a. for sine budsjettframlegg                                                                                                                                                                       |
| 13.10.2014 | Gjennomgang i leiargruppa etter framlegging av statsbudsjettet                                                                                                                                                                                |
| 24.10.2014 | Frist for utfylt budsjettkladd til økonomisjef                                                                                                                                                                                                |
| 31.10.2014 | Frist for verbalt budsjettframlegg til rådmann                                                                                                                                                                                                |
| 20.11.2014 | Presentasjon av samla budsjettframlegg for kommunestyret                                                                                                                                                                                      |
| 28.11.2014 | Realitetshandsaming i formannskapet, tilråding til kommunestyret.<br>Offentleg utlegging                                                                                                                                                      |
| 18.12.2014 | Endeleg handsaming i kommunestyret                                                                                                                                                                                                            |

Irene Bøe  
Økonomisjef

#### Kopi til:

Jan Olav Gjerde

Ordførar

Kyrkjevevje v/Bjørn Atle Systad

HAFS interkommunale barnevernsteneste v/Charlotte Willemoes

**Fra:** Håkon S. Giil <giil@online.no>  
**Sendt:** 14. januar 2015 09:50  
**Til:** Bente Nesse  
**Kopi:** Arnar Helgheim; Hyllestad Postmottak  
**Emne:** Plan- og bygningslova - sakshands.  
**Vedlegg:** Plan- og bygningslova - sakshands..docx.docx

Administrasjonssjef Bente Nesse,  
Hyllestad kommune.

Eg viser til samtale og sender vedlagde notat, i utgangspunktet meint til internt bruk, vedkommande den lange sakshandsamingstida for byggjesaker.

Som kjent har kontrollutvalet i sak 28.14 gjort sålydande vedtak om forvaltningsrevisjon: «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving innan tekniske tenester - prosjektplan». Tilhøva nemnde i det vedlagde notatet vil vere ein naturleg del av forvaltningsprosjektet. Men når tilhøva er tekne opp med meg som utvalsleiar, ser eg likevel ikkje grunnlag for å vente til prosjektet er fullført før eg varslar om at dette problemet treng ei snarleg løysing.

Eg gir det klare rådet at ein allereie no gjer nødvendige tiltak for at sakshandsaminga for framtida vert i samsvar med fristane i forvaltningslova og plan- og bygningslova. I dette ligg og at saker som ventar på slutthandsaming snarast må bli sluttførde.

Med vennleg helsing  
Håkon S. Giil  
-utvalsleiar-

Kontrollutvalsleiar Håkon S. Giil,

6958 Sørbøvåg,

Mail: [giil@online.no](mailto:giil@online.no), tel. 57 78 94 45/975 86 828.

Sørbøvåg, 14. januar 2015.

**Internt notat.**

## **VEDTAK ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA - BYGGJESAKER**


Underskrivne er blitt kontakta av næringsdrivande i Hyllestad vedkommande sakshandsaminga etter plan- og bygningslova, så langt gjeld handsaminga av byggjesaker. Eg har fylgt opp saka ved «stikkprøvekontroll» hos andre næringsdrivande. I hovudsak er tilbakemeldingane samanfallande. Kort attgjeve kan problema samanfattast slik:

- a) Forvaltningslova og plan- og bygningslova sine tidsfristar, jf. m.a. § 21-7, vert ikkje systematisk etterlevde/ respekterte. Næringsdrivande har i varierende grad greidd å tilpasse seg denne situasjonen, men i einskilte høve har det hatt store konsekvensar for framdrifta av prosjekt.
- b) Når ein søknad vert send, får ein ikkje rutinemessig melding om at saka er motteken til handsaming, kven som har saka eller når ho vert planlagd slutthandsama.
- c) Når ein purrar, får ein gjerne ein e-post med melding om at sakshandsaminga skal skje raskt, gjerne ei uformell melding om at saka er kurant og ein berre kan starte tiltaket. Det kan likevel gå lang tid, unntaksvis år, før vedkommande sak er ferdighandsama.
- d) Såkalla «kurante saker» går gjerne raskt, ein får ei førebels melding, og sjølv om ein ikkje får dei formelle papira, kan ein såleis komme raskt i gang, noko einskilte næringsdrivande er nøgde med. Det er likevel altfor vanleg at den formelle sakshandsaminga dreg ut. Det har førekomme at ein ikkje har fått opplyst saksnummer slik at ferdigstillinga kan føretakast.
- e) Etter det som er opplyst har det hendt at såkalla kurante saker likevel vert gjorde til «store handsamingssaker», t.d. gjeld dette mellombels bruksløyve og ferdigattestar.
- f) Ansvarshavande tek ein risiko ved å starte bygginga før den formelle sakshandsaminga, og dersom ein får ettersyn/byggjesakskontroll, kan både ansvarshavande og kommunen få ein reaksjon.
- g) Arbeid som er starta opp i medhald av førebelse/uformelle førehandsløyve, kan risikere å verte stoppa. Dette gjeld dersom ein får protestar etter at ein har begynt på arbeidet.

- h) Dersom ein er i ferd med å utføre tiltak utan at formalitetane er innhenta i førevegen, får ein gjerne ein kjapp reaksjon. Dette er isolert sett positivt, fordi ansvarshavande då får høve til å ordne opp. Men i einskilde høve har ein administrativt hatt grunnlag for å avklare situasjonen på eit tidlegare stadium utan at dette har vorte gjort.
- i) Stor konsentrasjon om detaljar kan vere medverkande til at den formelle handsaminga dreg ut. I einskilde høve kan det opplevast som rein trenering, t.d. når ein person sit med fleire bruksnummer og ansvarshavande ikkje har sendt byggjemelding til alle bruksnummera. Til tider går ein i sakshandsaminga inn på område som er ansvarshavande sitt ansvar, noko som kan vere sterkt medverkande til at sakshandsaminga vert omstendeleg, dreg ut i tid og ikkje tilfredsstiller lova sine klåre krav.

Det er vanskeleg for vedkommande næringsdrivande å forstå at saker skal ta så lang tid at lovfesta fristar ikkje kan haldast, særleg sidan det ser ut til at byggjesaksbemanning målt i årsverk er svært god jamført med andre kommunar. Det blir og vist til at manglande framdrift i sakshandsaminga har medført utsetjing av aktuelle prosjekt. Ein kan og nemne konkrete saker der interessentar har vurdert å trekkje seg på grunn av at det tek så lang tid å få naudsyn te avgjerder. Handsamingstida er såleis direkte eller indirekte med på å vanskeleggjere tiltak som kan medføre ei meir positiv utvikling av Hyllestad. Konkret kan ein vise til saker der det har teke år i tillegg til dei lovfesta fristane før ein har fått i orden dei formelle vedtaka.

Det blir understreka at saker som gjeld areal og deling går kvikt unna, og viser at ansvarshavande på desse saksområda har eit høgt kompetansenivå.



**HYLLESTAD KOMMUNE**  
**Økonomiavdelinga**

SEKOM  
Postboks 338

6802 FØRDE

**Vår ref.:**

Arkivsaknr.: 14/49-6/ ARA  
L.nr.: 15/283

**Dykkar ref.:**

**Arkivkode:**

**Dato:**

19.01.2015

**SKATTEREKNESKAPEN 2014**

Vedlagt vert oversendt følgjande:

- Skatterekneskapen 2014
- Forklaring til skatterekneskapen
- Årsrapport til skatterekneskapen

Med helsing

Arnhild Aven  
Skatteoppkrevjar

Telefon: 57789507

# Årsrapport for 2014

## Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune



## Innhald

|                                                                                      |          |
|--------------------------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....</b>                            | <b>3</b> |
| 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....                                                    | 3        |
| 1.1.1 Ressursar .....                                                                | 3        |
| 1.1.2 Organisering.....                                                              | 3        |
| 1.1.3 Ressursar og kompetanse.....                                                   | 3        |
| 1.2 Internkontroll .....                                                             | 4        |
| 1.3 Vurdering av skatteinngangen.....                                                | 4        |
| 1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret .....                         | 4        |
| 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret .....                     | 4        |
| 1.4 Skatteutval .....                                                                | 5        |
| <b>2. Skatterekneskapen .....</b>                                                    | <b>5</b> |
| 2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....                                              | 5        |
| 2.2 Margin .....                                                                     | 5        |
| 2.2.1 Margin for inntektsåret 2010.....                                              | 5        |
| 2.2.2 Kommentar til marginavsettinga.....                                            | 5        |
| <b>3. Innkrevjinga.....</b>                                                          | <b>6</b> |
| 3.1 Restanseutviklinga.....                                                          | 6        |
| 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav .....                                      | 6        |
| 3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar .....            | 6        |
| 3.1.3 Restansar eldre år.....                                                        | 7        |
| 3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølging for eldre år .....             | 7        |
| 3.2 Effektiviteten av innkrevjinga .....                                             | 8        |
| 3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2012 .....                       | 8        |
| 3.2.2 Vurdering av sammanheng mellom aktivitet og resultat.....                      | 8        |
| 3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....                                               | 8        |
| 3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga..... | 8        |
| 3.3 Særnamskompetanse.....                                                           | 8        |
| <b>4. Arbeidsgivarkontroll.....</b>                                                  | <b>9</b> |
| 4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen.....                                      | 9        |
| 4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar .....                                       | 9        |
| 4.3 Resultat frå arbeidsgivarkontrollen.....                                         | 9        |
| 4.4 Vurdering av arbeidsgivarkontrollen .....                                        | 9        |
| 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar .....                                        | 9        |
| 4.6 Gjennomførde informasjonstiltak .....                                            | 9        |

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

| Ressursfordeling                                                                                          | Årsverk | %-del fordelt |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------|---------------|
| Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som kun er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret | 0,85    | 100 %         |
| Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk                                            | -----   | -----         |
| Skatterekneskap                                                                                           | 0,25    | 29,4%         |
| Innkrevjing av skatt og arbeidsgivaravgift                                                                | 0,35    | 41,2%         |
| Arbeidsgivarkontroll                                                                                      | 0,20    | 23,5%         |
| Administrative oppgåver                                                                                   | 0,05    | 5,9%          |
| (Del fordelt skal være 100 %)                                                                             | Sum     | 100 %         |

#### 1.1.2 Organisering

Funksjonen som skatteoppkrevjar er organisert inn under økonomiavdelinga og økonomisjefen er skatteoppkrevjar sin nærmaste administrative overordna.

Skatteoppkrevjar har i dag 80% stilling. Arbeidsområdet som skatteoppkrevjar er vurdert til om lag 0,7 årsverk. Skatteoppkrevjar har også ansvaret for innkrevjing av kommunale avgifter/eigedomsskatt og føring av legatrekneskap. I tillegg vert det utført ein del felles skranketeneste, generell informasjon m.m.

I utgangspunktet er skatteoppkrevjar åleine om arbeidet som høyrer inn under skatteoppkrevjar sitt ansvarsområde, men det er inngått ein samarbeidsavtale med kommunane Askvoll og Fjaler, jf.pkt. nedanfor. I tillegg deltek kommunen i eit interkommunalt samarbeid om rekneskapskontrollør, der Hyllestad kommune sin stillingsdel i eit normalår utgjør 15,25%.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Under ein normalsituasjon vert bemanninga vurdert som tilfredsstillande for det arbeidsområdet skatteoppkrevjar har ansvaret for.

På grunn av at ein person er åleine om arbeidsoppgåvene, vert kontoret sårbart ved ferie og event. sjukefråvær. Det er difor inngått ein samarbeidsavtale med kommunane Askvoll og Fjaler, jf. pkt. 1.1.2. Skatteoppkrevjarane i Fjaler og Hyllestad har gjensidige fullmakter og tilgangar til å utføre arbeidsoppgåver for kvarandre etter skattebet.lov og skatteoppkrevjar-innstruksen sitt totalområde, medan tilgangar til/frå Askvoll foreløpig er avgrensa.

For fagleg oppdatering og utvikling, deltek ein på kurs og konferansar m.m. som vert arrangert av Skatt vest eller andre, og som er relevant for dei arbeidsoppgåvene som skal utførast.

## 1.2 Internkontroll

Internkontrollen er samansett av styrande dokumentasjon, gjennomførande dokumentasjon og kontrollerande dokumentasjon.

Som del av *styrande* dokumentasjon utarbeider skatteoppkrevjar verksemdsplan for kvart år. Som del av *gjennomførande* dokumentasjon skal det utarbeidast lokale rutineskildringar for kontoret si verksemd. Rutineskildringane er sist oppdatert 05.06.2014.

Den *kontrollerande* dokumentasjon verifiserer at aktivitetar er gjennomført i samsvar med fastsette prosedyrar og instruksar. Rapportar, avstemmings- og kontrollskjema, resultat- og årsrapportering er ein del av kontrollerande dokumentasjon.

## 1.3 Vurdering av skatteinngangen

### 1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Frå årsrekneskapen 2014 er henta følgjande tal:

|            |                        | 2013                | 2014                |
|------------|------------------------|---------------------|---------------------|
|            | Arbeidsgivaravgift     | -30 498 576         | -42 438 201         |
|            | Personlege skattytarar | -102 942 991        | -108 543 461        |
|            | Selskapsskatt          | -1 229 052          | -24 659 430         |
|            | Renter                 | 101 957             | -195 528            |
|            | Innkrevjing            | 15 172              | -127 266            |
| <b>Sum</b> |                        | <b>-134 553 490</b> | <b>-175 963 886</b> |

Som det går fram av tabellen ovanfor, utgjer den samla skatteinngangen for 2014 kr. 175.963.886. Samanliknar ein med fjoråret har den totale skatteinngangen auka med 41.410.396. Ser ein på auken frå 2012 til 2013 var den på 1.363.632.

Tabellen syner vidare at skatt for personlege skattytarar har auka med vel 5,6 mill i forhold til fjoråret.

Innbetalt selskapsskatt har auka med 23.430.378. Arbeidsgivaravgift (som i si heilheit vert overført til staten) har auka med 11.933.625.

### 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Vedlagde rekneskap syner at av den innbetalte skatten er 34.484.833 fordelt til Hyllestad kommune. I forhold til 2013 er dette ein auke med vel 2.1 mill. Mesteparten av auken knyter seg til forskotstrekk frå arb.gj., der kommunen sin del har auka med vel 1.9 mill. Av den innbetalte selskapsskatten har kommunen fått fordelt 1.7%.

Kommunen sine budsjetterte skatteinntekter for 2014 var 33.500.000, og fordelinga syner dermed ei meirinntekt med 984.833 i forhold til budsjettert.



## 1.4 Skatteutval

Det har i 2014 ikkje vore saker til handsaming i skatteutvalet.

## 2. Skatterekneskapen

### 2.1 Avlegging av skatterekneskapen

#### Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune stadfestar at skatteregnskapet for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar av 8. april 2004 § 3-3 nr. 2.

- Det er ikkje motteke pålegg frå regional kontrolleining om regnskapsføringa, rapporteringa eller avlegging av skatterekneskapen.

Årsrekneskapen for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjar.

### 2.2 Margin

#### 2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

|                                                          |     |   |
|----------------------------------------------------------|-----|---|
| Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014 | Kr. | 0 |
|----------------------------------------------------------|-----|---|

|                                              |     |           |
|----------------------------------------------|-----|-----------|
| For lite avsett margin for inntektsåret 2013 | Kr. | 1 388 918 |
|----------------------------------------------|-----|-----------|

#### Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 10 %. Marginprosenten har vore uendra over fleire år.

|                                                        |     |            |
|--------------------------------------------------------|-----|------------|
| Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12.2014: | Kr. | 10 279 712 |
|--------------------------------------------------------|-----|------------|

Gjeldande prosentsats: 10%

#### 2.2.2 Kommenterarar til marginavsettinga

Marginavsettinga for inntektsåret 2013 var ikkje tilstrekkeleg til å dekke til gode v/skatteavrekninga for det aktuelle år. For lite avsett margin: kr 1 388 918.

For inntektsåret 2012 utgjorde negativ margin 1 695 692.

Den negative margin har til no vore uproblematisk og det er ikkje gjort framlegg om å auke prosentsatsen.

### 3. Innkrevjinga

#### 3.1 Restanseutviklinga

##### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

| Skatteart                                                    | Restanse<br>31.12.2014 | Herav<br>berostilt<br>restanse<br>31.12.2014 | Restanse<br>31.12.2013 | Herav<br>berostilt<br>restanse<br>31.12.2013 | Endring i<br>restanse<br><br>Reduksjon (-)<br>Auke (+) | Endring i<br>berostilt<br>restanse<br><br>Reduksjon (-)<br>Auke (+) |
|--------------------------------------------------------------|------------------------|----------------------------------------------|------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|
| <b>Sum restanse<br/>pr. skatteart</b>                        | 1 066 487              | 9 987                                        | 945 197                | 40 294                                       | + 121 290                                              | -30 307                                                             |
| Arbeidsgivaravgift                                           | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Artistskatt                                                  |                        |                                              | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Forseinkingssesrenter                                        | 7 936                  | 1 011                                        | 7 172                  | 1011                                         | +764                                                   | 0                                                                   |
| Forskotsskatt                                                | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Forskotsskatt person                                         | 84 096                 | 0                                            | 93 567                 | 0                                            | - 9 471                                                | 0                                                                   |
| Forskotstrekk/utleggs<br>trekk                               |                        | 0                                            | 13 995                 | 0                                            | - 13 995                                               | 0                                                                   |
| Gebyr                                                        | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Innkrevjingsinntekter                                        | 9 700                  | 670                                          | 16 064                 | 670                                          | - 6 364                                                | 0                                                                   |
| Inntekt av summarisk<br>fellesoppgjer                        | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Kildeskatt                                                   | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                      | 0                                                                   |
| Restskatt                                                    | 200                    | 0                                            | 0                      | 0                                            | + 200                                                  | 0                                                                   |
| Restskatt person                                             | 964 555                | 8 306                                        | 814 9                  | 38 613                                       | + 150 156                                              | -30 307                                                             |
| <b>Sum restanse<br/>diverse krav</b>                         | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | -----                                                  | -----                                                               |
| Diverse krav                                                 | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | -----                                                  | -----                                                               |
| <b>Sum restanse<br/>pr. skatteart<br/>inkl. diverse krav</b> | 1 066 487              | 9 987                                        | 945 197                | 40 294                                       | -----                                                  | -----                                                               |

##### 3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Samla restansemasse viser ein auke i forhold til fjoråret med 121.290. I hovudsak skuldast dette to store restanse på restskatt person 2013. Den eine restansen er i si heilheit nedsett av skattekontoret v/korrigert avrekning i januar 2014. Vidare kan nemnast at restanse forskotsskatt i si heilheit er oppgjort i januar. Dette reduserer sum restanse med om lag 295.000.

Skatt vest har i 2014 akseptert summarisk avskrivning med tilsaman 56.774,- for 12 utenlandske skattytarar. For store delar av avskrivningssummen var innkrevjinga tidligare stilt i bero og dette virkar også inn på nedgangen i berostilte restansar person. Rest berostilte krav utgjør etter dette 9.987,- og er knytt opp mot 4 skattytarar.

Vidare er pensjonsgivande inntekt for eit ubetalt skattekrav redusert med 1.428. Også dette for skattytar heimhøyrande i utlandet.

### Utlíkna skatt/avgift

Utlíkna skatt person for inntektsåret 2013: 103.723.700 for 1.215 skattytarar  
 Utlíkna skatt person for inntektsåret 2012: 100.997.145 for 1.245 skattytarar  
 Utlíkna selskapsskatt inntektsåret 2013: 24.695.994 for 44 skatteobjekt  
 Utlíkna selskapsskatt inntektsåret 2012: 1.640.607 for 43 skatteobjekt  
 Arbeidsgivaravgift 2014: 42.438.201  
 Arbeidsgivaravgift 2013: 30.498.576

Tal personlege skattytarar har gått ned i forhold til fjoråret men den utlikna skatten har likevel auka med vel 2,7 mill.

Utlíkna selskapsskatt har auka frå 1,6 mill for inntektsåret 2012 til 24,6 mill for inntektsåret 2013. Dette trass i at tal skatteobjekt nesten er det uendra.

### 3.1.3 Restansar eldre år

| Inntektsår | Sum restanse (debet) | Herav skatteart "Restskatt – person" |
|------------|----------------------|--------------------------------------|
| 2012       | 311 915              | 311 915                              |
| 2011       | 4 496                | 2 453                                |
| 2010       | 1 591                | 0                                    |
| 2009-19XX  | 250 629              | -----                                |

### 3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Størsteparten av restansar eldre år gjeld "Restskatt – person". Restansar *eldre år* utgjør over halvparten av den totale restansen pr. 31.12.2014 (jf. Pkt. 3.1.1) med 568.631.

Restansen pr. 31.12.2013 var 333.862.

Restanseauken skriv seg frå restanse *restskatt person* 2012 og er relatert til eit par skattytarar. Jf. kommentar under pkt. 3.2.1

Med unntak av restanse på 18.044,-, som er omfatta av gjeldsordning, gjeld resterande del av utestående for 2009 – 19XX, skattytarar som er heimehøyrande/oppheld seg i utlandet. Det er sendt krav om hjelp til innkrevjing i utlandet for dei krav der vilkåra for dette er oppfylt.

Av restansen, utgjør krav av typen *for mykje utbetalt* kr 29.072. Restansen skriv seg frå at skattytarar ved første skatteoppgjer fekk til gode skatt som vart utbetalt. I etterkant korrigerte skattekontoret avrekninga, aukar den utlikna skatten og resultatet vert "for mykje utbetalt". Erfaring syner at for skattytarar som er reist ut av landet, er utsiktene til å få oppgjort slike skattekrav minimale.

Kontoret har gjennomgått rapporten *Restanseliste – forelda krav* dato t.o.m. 31.12.2014.

Tal krav som var forelda pr. 31.12.2014: 0

Samla sum på krav som var forelda pr. 31.12.2014: 0

### 3.2 Effektiviteten av innkrevjinga

#### 3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat per 31.12.2014

Innkrevjinga synte følgjande resultat per 31.12.2014:

| Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år                 | Resultat pr. 31.12.2014 | Krav frå Skatt vest |
|-------------------------------------------------------------|-------------------------|---------------------|
| Restskatt personlege skattytarar (2012)                     | 90,5 %                  | 89,0%               |
| Forskotstrekk (2013)                                        | 100%                    | 99,9%               |
| Forskotsskatt person (2013)                                 | 100%                    | 99,0%               |
| Forskotsskatt upersonlege Skattytarar 2013                  | 100%                    | 99,8%               |
| Restskatt upersonlege skattytarar 2012                      | 100%                    | 99,0%               |
| Arbeidsgjevaravgift (2013)                                  | 100%                    | 99,8%               |
| Innfordra restskatt person av sum krav til innfordr. (2012) | 47,3%                   | 60,0%               |

Innkrevjingsresultatet syner at ein, med unntak av innfordra restskatt person, ligg over krava som er sett frå Skatt vest for 2014. Spesielle forhold gjer til at kravet for *innfordra restskatt person* ikkje er nådd og dette har også samanheng med at innkrevjingsprosenten under *restskatt personlege skattytarar* er lågare enn for fjoråret då resultatet var 98,7.

#### 3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

I innkrevjingsarbeidet er det i 2014 nytta motrekning, utleggstrekk, utleggsforretning. Det er gjennomført tvangsdekning i bankonto. Ein betalingsavtale er akseptert.

#### 3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Det at nesten 250.000 av restanse på restskatt er knytt til skattytarar heimhøyrande i utlandet krev ekstra tidsbruk i forhold til oppfølging. Mange av restansane er forholdsvis små beløp, men det kan likevel vere snakk om årleg oppfølging i inntil 13 år. Dei av krava som ikkje fyller vilkåra for innkrevjing i utlandet, eller dei vi får i retur fordi kravet «anses uinndrivelig i bistandsstaten», er det lite truleg at vi i det heile får oppgjort.

#### 3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Kontoret prioriterer innkrevjing høgt og målet er å halde fram med same rutinar for innkrevjing som tidligare.

### 3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjar har i 2014 nytta særnamsmynde og har sjølv utført dei utleggsforretningane som har vore gjennomført.



## 4. Arbeidsgivarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen

Hyllestad kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS-regionen. (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen). Solund kommune har arbeidsgivaransvaret for stillinga.

### 4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 3.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 3

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

### 4.3 Resultater fra arbeidsgivarkontrollen

Det er under kontroll avdekka manglande/feilrapportering av inntekt og avgiftsgrunnlag. Eigenretting er gjennomførte i samsvar med avdekkinga. I tillegg er det gjort merknader på materielle forhold som lønsvedlegg, reiserekning, OTP og AA-register.

### 4.4 Vurdering av arbeidsgivarkontrollen

Skatt vest sitt krav til tal kontrollar er oppnådd og kontrollaktiviteten for 2014 vert såleis vurdert som tilfredsstillande.

IRK-ordninga har ei tid slite med sjukefråvær og situasjonen er framleis litt usikker. Vi står framfor opplæring/innføring av KOSS og vi har statleggjering liggande som ein usikker faktor. Dette gjer at 2015 blir utfordrande i kontrollsamanheng.

### 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktørar i 2014.

### 4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

I samband med innføring av A-ordninga, har det vore utlagt informasjon på kommunen si heimeside. Utover dette har det ikkje vore organisert informasjonstiltak siste året, men informert via tlf. og mail etter førespurnad og ved behov.

Dei fleste arbeidgivarar nyttar rekneskapskontor og kommunikasjonen går i stor grad mot desse.

Hyllestad, 19.01.2015

  
Arnhild Aven  
skatteoppkrevjar

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2014 - signert av skatteoppkrevjar



## ÅRSREKNESKAP SKATT FOR KOMMUNE 1413 HYLLESTAD

### REKNESKAPSÅRET 2014

Avlagt etter kontantprinsippet

|            |                                               | 2014            | 2013            |
|------------|-----------------------------------------------|-----------------|-----------------|
|            | Likvider                                      | 11 227 172,92   | 10 155 509,17   |
|            | Skyldig skattekreditorene                     | -935 123,36     | -346 827,61     |
|            | Skyldig andre                                 | -12 335,00      | -144 448,00     |
|            | Innestående margin                            | -10 279 712,00  | -9 664 231,00   |
|            | Udisponert resultat                           | -2,56           | -2,56           |
| Sum        |                                               | -               | -               |
|            | Arbeidsgiveravgift                            | -42 438 201,00  | -30 498 576,00  |
|            | Personlige skatteyttere                       | -108 543 460,82 | -102 942 990,91 |
|            | Selskapsskatt                                 | -24 659 430,00  | -1 229 052,00   |
|            | Renter                                        | -195 528,18     | 101 956,91      |
|            | Innfordring                                   | -127 266,15     | 15 172,15       |
| Sum        |                                               | -175 963 886,15 | -134 553 489,85 |
|            | Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift | 42 438 201,00   | 30 498 576,00   |
|            | Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift      | 31 713 818,00   | 28 312 799,00   |
|            | Fordelt til Fylkeskommunen                    | 7 638 034,00    | 7 044 365,00    |
|            | Fordelt til kommunen                          | 34 484 833,15   | 32 337 933,85   |
|            | Fordelt til Staten                            | 59 689 000,00   | 36 359 816,00   |
|            | Krav som er ufordelt                          | -               | -               |
|            | Videresending plassering mellom kommuner      | -               | -               |
| Sum        |                                               | 175 963 886,15  | 134 553 489,85  |
| Sum totalt |                                               | -               | -               |

Hyllestad kommune

Skatteoppkrevjaren

Hyllestad, 19. januar 2015

  
Arnhild Aven  
skatteoppkrevjar



ÅRSREKNESKAP - SKATT FOR HYLLESTAD KOMMUNE 2014 - detaljert

|                                   |                                          | 2014            | 2013            |
|-----------------------------------|------------------------------------------|-----------------|-----------------|
| Likvider                          | Bank                                     | 11 227 172,92   | 10 155 509,17   |
|                                   | Kontanter                                | -               | -               |
|                                   | Utbetalinger som ikke er gjennomført     | -               | -               |
| Likvider                          |                                          | 11 227 172,92   | 10 155 509,17   |
| Skyldig skattekreditorene         | Int fordelt folketr arbavg               | -41 166,00      | -10 105,00      |
|                                   | Int fordelt folketr medlavg              | -194 346,00     | -73 523,00      |
|                                   | Int fordelt stat FS                      | -551 739,00     | -128 561,00     |
|                                   | Int fordelt til fylkeskomm               | -47 257,00      | -20 874,00      |
|                                   | Int fordelt til kommunen                 | -215 240,36     | -98 544,61      |
|                                   | Int fordelt til stat TS mv               | -53 238,00      | -12 446,00      |
|                                   | Mellomregnskapskonto                     | 39 757,00       | -               |
|                                   | Oppgjørskonto RAFT                       | 128 106,00      | -2 774,00       |
| Skyldig skattekreditorene         |                                          | -935 123,36     | -346 827,61     |
| Skyldig andre                     | Diverse debitorer og kreditorer          | -4 795,00       | -95 728,00      |
|                                   | Innbetalinger ikke inntektsført          | -7 540,00       | -48 019,00      |
|                                   | Uidentifiserte innbetalinger             | -               | -701,00         |
| Skyldig andre                     |                                          | -12 335,00      | -144 448,00     |
| Ikke fordelt til skattekreditorer | Innestående margin                       | -10 279 712,00  | -9 664 231,00   |
|                                   | Udisponert resultat                      | -2,56           | -2,56           |
| Ikke fordelt til skattekreditorer |                                          | -10 279 714,56  | -9 664 233,56   |
| Innbetalt skatter og avgifter     | Arbeidsgiveravgift                       | -42 438 201,00  | -30 498 576,00  |
|                                   | Personlige skatteyttere                  | -108 543 460,82 | -102 942 990,91 |
|                                   | Selskapsskatt                            | -24 659 430,00  | -1 229 052,00   |
| Innbetalt skatter og avgifter     |                                          | -175 641 091,82 | -134 670 618,91 |
| Renter                            | Renteinntekter                           | -144 466,96     | -45 048,02      |
|                                   | Renteutgifter                            | -51 061,22      | 147 004,93      |
| Renter                            |                                          | -195 528,18     | 101 956,91      |
| Innfordring                       | Innfordringsinntekter                    | -120 091,15     | -22 994,85      |
|                                   | Innfordringsutgifter                     | -7 175,00       | 38 167,00       |
| Innfordring                       |                                          | -127 266,15     | 15 172,15       |
| Fordelt skattekreditorene         | Fordelt til Folketrygden - arbeidsgivera | 42 438 201,00   | 30 498 576,00   |
|                                   | Fordelt til Folketrygden - medlemsavgif  | 31 713 818,00   | 28 312 799,00   |
|                                   | Fordelt til Fylkeskommunen               | 7 638 034,00    | 7 044 365,00    |
|                                   | Fordelt til kommunen                     | 34 484 833,15   | 32 337 933,85   |
|                                   | Fordelt til Staten                       | 59 689 000,00   | 36 359 816,00   |
|                                   | Videresending plassering mellom kom      | -               | -               |
| Fordelt skattekreditorene         |                                          | 175 963 886,15  | 134 553 489,85  |
| Ufordelt                          | Krav som er ufordelt                     | -               | -               |
| Sum totalt                        |                                          | 0               | 0               |

## FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPEN

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen viser skattar og avgifter mm som er innbetalt gjennom rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter mm er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

### Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvide midlar**  
Likvide midlar i skatterekneskapen er inneståande på bankkonto for skatt med tillegg av eventuell kontantar.
- **Skuldig skattekreditorane**  
Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen 31.12. Skatteoppkrevjaren skal betale ut det som er fordelt til skattekreditorane seinast 10. januar.  
  
Dersom dette er eit positivt tal, har skatteoppkrevjaren eit krav på skattekreditorane. Skattekreditoren skal betale inn denne summen til skatteoppkrevjaren innan 20. januar.
- **Skuldig andre**  
Denne summen er uidentifiserte og uplasserte innbetalningar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal vere ein liten sum som gjeld øreavrunding i skatterekneskapssystemet
- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**  
Dette er innbetalt arbeidsgivaravgift, forskotstrekk etter frådrag for avsett margin, forskotsskatt frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.
- **Fordelt skattekreditorane**  
Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal vere ein liten sum og gjeld øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

## Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015  
Vår referanse: 15/79  
Arkiv: FE-000

## Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tanga rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

The screenshot shows the official website of the Norwegian Government (Regjeringen.no). The header features the Norwegian coat of arms and the website name. A search bar is located on the right. Below the header is a navigation menu with categories like Tema, Dokumenter, Aktuelt, Departementene, and Regjeringen. The main content area displays the title of the report, 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat', along with the date 'Publisert: 09.01.2015'. A brief summary of the report is provided, mentioning that Deloitte has been commissioned by the Ministry of Local Government and Modernization to evaluate the control committees and their secretariats in the municipalities. A related link is also visible on the right side of the page.

Pdf-versjon av rapporten: [www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer](http://www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer).

Med helsing

Arnar Helgheim  
Dagleg leiar  
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418  
ah@sekom.no



# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>003/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                              |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-210, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>15/65 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|------------------------------|

## Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor

### Vedlegg:

|                 |                                                                   |               |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------|---------------|
| <b>Dok.dato</b> | <b>Tittel</b>                                                     | <b>Dok.ID</b> |
| 23.01.2015      | Uavhengighetserklæring Hyllestad, KRYSS Revisjon, d. 20.01.15.pdf | 1386          |

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengighet datert 20.1.15 til orientering.

...

### Saksutgreiing:

Sitat frå Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15:

*Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.*

Den vedlagde erklæringa frå oppdragsansvarleg revisor i KRYSS Revisjon, Terje Førde er svar på kravet i forskrifta. Som det går fram av brevet, gjer andre revisorar tilsvarande vurdering som er dokumentert i selskapet.

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

*Kontrollutvalet  
i Hyllestad kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2015\  
Erklæring2015Hyllestad/tf

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

001 / 2015

Dokumentdato:

20. januar 2015

## VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1413 HYLLESTAD KOMMUNE

### Innleiing:

Hyllestad kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge som dokumentasjon i planverket og er til eikvar tid gjenstand for ettersyn og kvalitetskontroll frå overordna myndigheit for vårt arbeide.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

### Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

---

#### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;  
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

#### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

#### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

### Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

|                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Pkt. 1:<br>Tilsettingsforhold                                                                                  | <i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| Pkt. 2: Medlem i styrande organ                                                                                | <i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit | <i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Pkt. 4: Nærstående                                                                                             | <i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet              | <p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p> <p><i>I eit kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt vert det innteke eit eige avsnitt der vi konkret vurderer vår uavhengigheitsaspekt for KRYSS Revisjon som selskap, og for den/dei medarbeidarar som faktisk og reelt vert involvert i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonsprosjektet.</i></p> |



|                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.) | <i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>        |
| Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige                                             | <i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Hyllestad kommune.</i>                                              |
| Pkt. 8: Andre særegne forhold                                                                       | <i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Hyllestad kommune.</i> |

Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, forvaltningsrevisor *Stig Årdal* og operasjonell/utøvande finansielle revisorar overfor Hyllestad kommune, *Aud Marit Nyland Eide* og *Torill Nordstrand*, avgjev særskilde uavhengigheitserklæringar for 2015. Desse er oppbevart som dokumentasjon hos oss, som vedlegg til denne erklæring.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knyter seg til eit-kvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*. Lovkravet og praksis er også at oppdragsansvarleg sin årlege uavhengigheitserklæring blir lagt fram for Kontrollutvalet og Kommunestyret.

Erklæringane for 2015 avløysar erklæringane gjeve for driftsåret 2014, og vert med dette lagt fram for oppdraget/kommunen og i samsvar med revisjonsforskriftene for kommunal revisjon, § 15.

Førde, den 20. januar 2015

  
 Kommunerevisjonen  
 Ytre Sogn og Sunnfjord  
 Postboks 487, 6801 Førde  
 Terje Førde  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef  
 Dagleg leiar/Revisjonssjef  
  
 Kommunerevisjonen i  
 Ytre Sogn og Sunnfjord

Kopi:

Kommunestyret i Hyllestad  
 Hyllestad kommune v/Rådmannen  
 Hyllestad kommune v/Ordføraren

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>004/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                               |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-033, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/175 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|

## Reglement for høyring i kontrollutvalet

### Vedlegg:

|                               |                                                                       |                       |
|-------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|-----------------------|
| <b>Dok.dato</b><br>28.01.2015 | <b>Tittel</b><br>Framlegg til reglement for høyring i kontrollutvalet | <b>Dok.ID</b><br>1465 |
|-------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|-----------------------|

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Framlegg til reglement for høyring i kontrollutvalet datert 28.1.15, vert vedteke.

...

### Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til saka med skriv og meldingar på møte den 11. desember:

*Reglement for høyring:*

*Før kontrollutvalet gjer vedtak om mogeleg innføring av høyringar og reglement for høyringar vert saka førelagt rådmannen for uttale.*

Utkast til reglement for høyring i kontrollutvalet vart sendt til rådmannen den 12. desember med frist for uttale den 29. januar. Rådmannen har meldt tilbake at ho ikkje har merknader til framlegget.

Dette framlegget er ei omsetjing frå bokmål til nynorsk av reglement som ligg i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin «Veileder for høyringer i kontrollutvalgene». Ved sidan av omsetjing, er det gjort små endringar. [Sjå FKT sine nettsider.](#)

Dato: «Sdo\_DokDato»

Vår referanse: «Sdo\_DokID»

Arkiv: «Sas\_ArkivID»

## Framlegg til reglement for høyring i kontrollutvalet

### § 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontrollsaker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

### § 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medleamar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

### § 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

#### § 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelaagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

#### § 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>005/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                              |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-210, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>15/26 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|------------------------------|

## Årsmelding 2014 - Hyllestad kontrollutval

### Vedlegg:

|                               |                                                            |                       |
|-------------------------------|------------------------------------------------------------|-----------------------|
| <b>Dok.dato</b><br>08.01.2015 | <b>Tittel</b><br>Årsmelding 2014 - Hyllestad kontrollutval | <b>Dok.ID</b><br>1255 |
|-------------------------------|------------------------------------------------------------|-----------------------|

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Framlegg til årsmelding datert 8.1.14, vert godkjent.

...

### Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen med meir.



Framlegg datert 8.1.15

# Hyllestad kontrollutval

## Årsmelding 2014



### Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 10.2.2014  
Saksnummer: 005/15  
Referanse: 15/63

## Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. KRYSS Revisjon har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Eigenvurdering om uavhengigheit frå revisor vart handsama og teken til orientering i møte den 21. mars.

## Medlemar

|   |                         |
|---|-------------------------|
|   | <b>Faste medlemar</b>   |
| 1 | Håkon S Giil, leiar     |
| 2 | Sylvia Helms, nestleiar |
| 3 | Stein Arne Solheim      |
| 4 | Øyvind Høie             |
| 5 | Reidun Skår             |
|   | <b>Varamedlemar</b>     |
| 1 | Monica Ekreskar         |
| 2 | Per Egil Aske           |

Håkon S Giil deltok på fagkonferanse i Forum for Kontroll og Tilsyn i Haugesund 3. og 4. juni 2014.

## Møte og saker

Utvalet hadde 4 møte og handsama 30 saker. I 2013, var det 4 møte og 28 saker.

### Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare til kommunestyret:

| Møtedato   | Sak nr | Sakstittel                                                                          |
|------------|--------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| 21.03.2014 | 4      | Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad                                     |
| 06.05.2014 | 13     | Prosjektrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 1915 - Vassleidning Skivika - Leirvik |
|            | 14     | Rekneskap og årsmelding 2013 - Hyllestad kommune                                    |
| 26.09.2014 | 19     | Forvaltning av personalreglement                                                    |
|            | 22     | Budsjett for kontrollutvalet 2015                                                   |
| 11.12.2014 | 27     | Reglement for kontrollutvalet                                                       |

### Orienteringar frå rådmannen

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen i fleire saker i løpet av 2014:

| Møtedato   | Sak nr | Tema for orientering                                 |
|------------|--------|------------------------------------------------------|
| 21.03.2014 | 6      | Praksis for eignedomsskatt for oppdrettsanlegg       |
| 06.05.2014 | 12     | Forvaltning av personalreglement i Hyllestad kommune |

### **Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014. Rapport frå forvaltningsrevisjon om «Tenesteanalyse av pleie og omsorg», vart handsama og sendt vidare til kommunestyret den 21.3.14. Den 26.9.14, tinga utvalet ny forvaltningsrevisjon om «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» avgrensa til tekniske tenester. Frist for rapport frå dette prosjektet er 1.6.14.

### **Oppsummering**

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: [www.sekom.no](http://www.sekom.no).

### **Underskrifter**

Hyllestad, 10. februar 2015

Håkon S Giil, leiar

Sylvia Helms, nestleiar

Stein Arne Solheim

Øyvind Høie

Reidun Skår

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>006/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                             |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-----------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-033, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>15/7 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-----------------------------|

## Møteplan 2015 - Hyllestad kontrollutval

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar:

10. februar  
5. mai  
16. juni  
24. november

### Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

SEKOM-sekretariat startar med møte og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette. Det siste møte på planen for 2015, er såleis tenkt som oppstartmøte for det nye utvalet.

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>007/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                                     |                               |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE-040, Komnr-1413 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/360 |
|-----------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------|

## Oppfølgingsliste 1 - 2015

### Vedlegg:

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

| Sak                                                                  | Dato     | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------------------------------------------------|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 22/09<br>Kontrollutvalsarbeid - tiltak                               | 17.11.09 | 17.11.09: Vedtak KU:<br>- Orientering frå adm om einingane.<br>- Tertialrapportar som SM.<br>- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM.<br>- Kvalitetsrapportar revisor.<br>- Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| Sakshandsaming, vedtak og svargjeving – forvaltningsrevisjon (20/14) | 26.9.14  | KU-sak 20/14 Val av nytt prosjekt – vedtak:<br>Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon:<br>Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.<br><ol style="list-style-type: none"><li>1. Revisjonen vert avgrensa til enkeltvedtak innan tekniske tenester.</li><li>2. Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?<ul style="list-style-type: none"><li>• Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk?</li><li>• Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå?</li></ul></li><li>3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte i kontrollutvalet den 11. desember.</li><li>4. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.</li></ol><br>29.9.14 – Tinging av prosjekt sendt til KRYSS Revisjon. |



|                                       |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|---------------------------------------|----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                       |          | <p>11.12.14: KU-sak 28/14 Prosjektplan<br/>Stig Årdal frå KRYSS Revisjon informerte om prosjektet.<br/>KU-vedtak 28/14:<br/><i>Framlegg til prosjektplan datert 10.11.14, vert godkjent.</i></p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| Reglement for kontrollutvalet (21/14) | 26.9.14  | <p>KU-sak 21/14 den 26.9.14 – vedtak:<br/>Før kontrollutvalet gjer vedtak, vert saka førelagd rådmannen for uttale.</p> <p>29.9.14: Sendt til rådmannen for uttale innan 1.12.14.</p> <p>KU-sak 27/14 den 11.12.14 – vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) <i>Leiaren gjorde framlegg om det alternative framlegget til § 1, framsett av Håkon Gil:</i></li> </ol> <p><i>§ 1 Føremålet til kontrollutvalet<br/>Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyret føre laupande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga. Dette medfører mellom anna at ein skal sjå til at organisasjonen, saksførebuinga og avgjerdsprosessen i dei politiske organa og organisasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav og ivaretek grunnleggjande rettstryggleikssyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som vedtaka vedkjem.<br/>Kontrollutvalet ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og syter for at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet skal fungere som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2) <i>Leiaren gjorde framlegg om at § 2, første setning skal lyde: Kontrollutvalet skal ha 3 medlemar.</i></li> <li>3) <i>Kontrollutvalet legg til grunn at endringar i talet på medlemar i kontrollutvalet vert gjort gjeldande med verknad frå komande val.</i></li> </ol> <p>11.12.14: KU-vedtak og notat med framlegget til reglement som er oppdatert med kontrollutvalet sine endringar sendt til kommunestyret for handsaming.</p> |
| Budsjettprosess – Hyllestad sokneråd  | 11.12.14 | <p>Frå KU-sak 26/14 (Skriv og meldingar)<br/><i>Utdelt i møtet:<br/>Brev datert 8.12.14 frå Hyllestad sokneråd om kommunen sitt finansieringsansvar for Hyllestad sokneråd. Brevet var også utsendt pr e-post 2 dagar før møtet. Før kontrollutvalet handsamar spørsmåla frå kyrkjeverje Fløde i skriv datert 8.12., vert brevet førelagt rådmannen for uttale.</i></p> <p>11.12.14: Sendt spørsmålet til rådmannen<br/>14.1.15: Motteke svar frå rådmannen. Blir sendt ut som skriv/melding til møte den 10.2.15.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |

|                       |          |                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-----------------------|----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Reglement for høyring | 11.12.14 | Frå KU-sak 26/14 (Skriv og meldingar)<br><i>Reglement for høyring:<br/>Før kontrollutvalet gjer vedtak om mogeleg innføring<br/>av høyringar og reglement for høyringar vert saka<br/>førelagt rådmannen for uttale.</i><br>11.12.14: Sendt rådmannen til uttale |
| Møteplan 2015         | 11.12.14 | Frå KU-sak 26/14 (Skriv og meldingar)<br><i>Første møte i 2015 vert 10. februar 2015.</i>                                                                                                                                                                        |

# SEKOM-sekretariat

|                                            |                               |                         |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Hyllestad kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>10.02.2015 | <b>Saksnr</b><br>008/15 |
|--------------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                         |                      |                               |
|-----------------------------------------|----------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Arnar Helgheim | <b>Arkiv:</b><br>FE- | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/370 |
|-----------------------------------------|----------------------|-------------------------------|

## Eventuelt

### Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*